



Liv Janne Drange
Hopsdalsvegen 77
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1002 - 22/93133

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
06.12.2022

Avslutning av sak - gbnr 193/2 Mundal øvre - forureining av brønn

Vi viser til synfaring gjennomført på din eigedom den 21.11.2022 og bekymringsmelding datert 28.10.2022 angående forureining av brønnen til nabohytte på gbnr 193/9.

Eigar av gbnr 193/9 har fått gjennomført drikkevassanalysar av brønnen på sin eigedom som viser førekomst av E.coli og koliforme bakteriar. Som ein konsekvens av dette anbefales koking av vatnet før bruk i hushald.

Hestemøk vert lagra på to plassar der terrenget skrånar mot aust eller søraust. Målt i kart er det ca 85 meter mellom den lagringsplassen for hestemøk som ligg nærmast hytta og brønnen.

Vi tek ikkje stilling til eventuell forureining av brønnen på gbnr 193/15, då dette er di hytte og du har opplyst at brønnen ikkje lenger er i bruk.

Etter synfaringa er det vår vurdering at avrenning frå lagra hestemøk ikkje vil forureine brønnen. Avrenning vil etter vårt skjønne følgje terrenget og ende opp i dalføret aust for området. Bunn av brønnen ligg ifølgje kartet ca 8 høgdemeter over dalføret. Dette stemmer bra med inntrykket under synfaringa.

Denne delen av saka vert avslutta frå kommunen si side. Dette til orientering.

Vi har foreløpig ikkje konkludert i den delen av saka som gjeld mellomlagring av hestemøk.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Robert Bratland

Hylkjeneset 118d

5109

Hylkje

Mottakarar:

Liv Janne Drange

Hopsdalsvegen 77

5915

Hjelmås